



**Nesten 600 sekkar med klede og sko er resultatet av innsamlinga til trengande i Ukraina som vart gjennomført i Odda og Kvinnherad i dag. Det er halvparten av det som vart samla inn til det same føremålet i fjor, men Tormod Myklebust er likevel godt fornøgd. Han har vore med og køyrt 5 lass til Ukraina.**

- I fjor samla vi inn 1000 sekkar og ein kan ikkje venta at alle skal ha like mykje å senda kvar gong. Og det er utruleg mykje i kvar sekk, seier uskedelingen som gjer ein stor innsats for folk i aust,

I semitrailaren til Stiftinga THK (tru, håp og kjærleik) som blir leia av Vidar Akselsen på Karmøy, er det plass til 1.000 sekkar. Denne gongen vart også leikar og barnevognar teke med. Transporten austover går 20.mai og målet ligg berre 7 mil frå Tsjernobyl og heiter Mali, fortel Akselsen.

Transporten skal ha returlast - det er vindaug for Vestlandet og dei blir henta i Polen.

Her er fordelinga etter innsamlinga: Odda 250, Rosendal 110, Uskedalen 90, Husnes 70 og Sæbøvik 70.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)